





Skaper fargar i fjellet

I 1990 flytta tekstilkunstnaren langt opp i Rukkedalen med hund, mobil og firehjulstrekkar. Her skaper ho fargar i fjellet. ▶

Tekst: Line Sandvik Foto: Sigmund Krøvel-Velle

» Tenk at på slutten av 70-talet måtte ein ha fem i snitt frå gymnaset for å kome inn på Buskerud husflidsskule.

KARIN STANG

☛ Latteren kjem kvikt i lag med den hese stemma. Ho står elegant framfor vedommen med røyken balanserande yttarst mellom to fingrar. Snakkar litt på både innpust og utpust mellom leppestifraud munn. Skaper ei kontinental, estetisk og filosofisk stemning mellom timravegger og framskåp. på Liaset. Alt medan ho til stadig prøver å få kaffien kokt, serverer heimelaga sild etter svigermor si islandske oppskrift og syner fram dei finaste vovne kunstverka. Endeleg får ho ledningen i veggen og trykt inn knappen på kaffitraktaren. Då blir det stilt. Eit augneblink.

Klarar seg sjølv

Tekstilkunstnaren Karin Stang skaper vegglandskap på Liaset. Kvar einaste dag. Kunstnarsjela må få utspring for kreativiteten. Om ho vever, knytter, klipper, måler eller teiknar. Ho har vore pensjonist no nokre år, men jobbe må ho.

– Då eg framleis jobba som lærar var det jo litt ekstra pes å bu her. Eg måtte gå på ski ned til parkeringsplassen. Og dei måker jo berre kvar fredag. Eg reiste når det var mørkt og kom heim når det var mørkt, fortel ho og ristar or seg litt latter. Hunden Maja er overstrøymande begeistra for visitten og svinsar kring alle føter som har fått utlevert tøflar. Det er golvkaldt i hytta. Men vedommen lunar godt i haustdagen. Utanfor døra har Karin stabla poser med ved. Det er berre å hente seg ein, lett som berre det. Når ein bur åleine på fjellet, må ein vite å klare seg sjølv. I vår vart ho vêrfast fem dagar. Då er det greitt å kunne bake brød og ha nok ved for handa.

Ho er forresten nesten nett kome attende etter ein la-a-ang sommarferie. Har vore på hytta på Sørlandet, og litt i utlandet, i over tre månader. Det er godt å kome heim att.

Hytta på Liaset vart bygd av besteforeldra. Så ho har vore her mykje sidan barndommen og er knytt til staden.

– Bestefar var sorenskrivar på Nesbyen, fortel ho og ber ut på bordet den heimelaga silda. Sjølv flytta ho til Gol 1973. Det var etter skilsmisse og omtrent då ungane skulle starte på skulen. Ho ville ikkje oppdra fire ungar midt i Oslo. I tillegg hadde ho ein slektning på Nesbyen ho ville stelle litt for.

– Og eg kunne jo ikkje ha skuleungar her oppe på Liaset, smiler ho og blunkar lett. Huset ho bygde i Gol vart selt då ungane var ute av reiret. Då var Karin endeleg klar for å flytte til fjells.

Her bur ho mellom måleri av kjennin-gane Wiedeberg og Rittun, timra vegger, open natur og frisk fjellluft. I stova heng eit måleri av Erik Werenskjold, ved sida av eit flott veggteppe laga av Karin sjølv.

– Ein dyd av nødvendighet. Det bles rett gjennom veggen der bak sofaen, ler ho. Så fekk også sofaen eit dekorelement som stod i stil. Det estetiske må stemme for kunstnaren.

Broderte skisser

Inne i den nyare delen av hytta, på verkstaden, er det derimot ein moderne, god varme. Her får kunstnaren utfalde seg fritt.

– Mormor sat og gjorde handarbeid. Eg gjorde som henne, fortel Karin og syner fram eit stort, flott veggteppe. Og skissene som høyrer til. Både dei ho har teikna – og dei ho har brodert.

– Eg har så god tid no, så eg kan fyrst teikne, for så brodere skisser. Det blir tre stadium. Papir, broderi og vev, ler ho. Men brodere gjer ho om kveldane. Ho brukar ikkje arbeidsdagen til det.

Lite er tilfeldig når det gjeld bileta til Karin. Ho lagar stramme, faste vevnader, og festar bakstykkja sirleg på. Karin kan sin kunst og sitt handverk. Ho er utdanna ved Statens Kvindelige Industriskole og jobba for tekstilkunstnaren Sigrun Berg før ho gifta seg.

– Ho ville ikkje ha gifte veverker. Så eg fekk fire ungar og jobba ikkje på nokre år, fortel Karin smilande. I Gol starta ho opp vevstove og jobba på oppdrag. Der fekk ho nok å gjere i fleire år. I denne perioden var ho også tilsett på eit arkitektkontor. Hennar oppgåver hadde med fargar og teknisk teikning å gjere. Då husflidskulen ringde etter vikar, starta ho der. Karin tok og etter kvart treårig fagutdanning og vart lærar.

– Eg hadde jo aldri tenkt tanken om å bli lærar, humrar 75-åringen som pensjonerte seg frå Gol vidaregåande skule i 2006.

– Tenk at på slutten av 70-talet måtte ein ha fem i snitt frå gymnaset for å kome inn på Hallingdal husflidsskule. 25 år etter vart den nedlagt. Trist. Kven syr kjolar til seg sjølv lenger? Verst er kanskje Kina-produserte bunader. Ikkje fordi dei syr dårleg, men fordi me mister kunnskapen. Me har jo ikkje så mykje kultur at det er noko å skryte av, påpeiker ho.

VEVSTOVE:
Kunstnaren arbeider kvar einaste dag i vevstova.



KYRKJEDEKOR: Gol stavkyrkje.





KNYTER TEPPE: Ho vever eller knytter teppe kvar einaste dag.



STERKE FARGAR: Typisk duk av Karin Stang.



» Mormor sat og gjorde handarbeid. Eg gjorde som henne

KARIN STANG

» Sjølv hugsar ho at ho kjøpte 20 meter poplin-stoff og sydde kjeledressar til ungane.

– Då var det økonomi i å vere heime. Kva kan ein ungdom i dag? Snikre, måle – sette potet? Det er til ettertanke. Før skulle ein kunne sy og strikke. Om me ikkje har slik verdiskaping i Europa, kven sit så med kompetansen. Kina?

Mange knutar

– No knyter eg eit enormt teppe. Eg er så dum innimellom. Eg har rekna ut at det er om lag 21.000 knutar, fortel ho lattermild. Tenkjer ikkje så mykje på korleis ho skal utføre arbeidet når ho designar. Jobben kjem etterpå.

I vinter hadde ho og nokre andre kunstnarar utstilling i Gol. Den var kom ut av eit puteprosjekt basert på kvalitetsstoff dei hadde liggjande.

– Sjå her. Arvegodset vart til keiserinnens nye klede. Ein gamal pyjamas vart klipt i – og vips vart det ein bh. Me lo oss nesten i hel, seier Karin og ler litt til av puta ho held i været. Nesten alle putene på utstillinga vart selde.

– Men denne turte ingen kjøpe, smiler ho lurt. Putene har band frå 20-talet, broderi frå kring 1900 og litt stoff frå ei kjole til mora til Karin. Rundt om i vevstova ligg prosjekt, skisser og ferdige arbeid.

– Eg har nok vorte eit vanemeneske. Knyter eller vever teppe frå halv ni om morgonen, fortel ho og syner fram fleire flotte teppe.

– Dette kallar eg fosforhusa. Litt politisk kanskje. Nei da. Jau då, svarar ho seg sjølv. Lavendelhuset kallast eit anna teppe.

– Og så dette då. Eit teppe til golvet, med snubleblomar, smiler ho. Humor må det vere.

– Eg har jo hatt ein idé om å fornye åkledet då, fortel ho litt meir alvorleg og legg flotte veggteppe oppå kvarandre. Mange kjenner nok att arbeida hennar.

– No drog eg inn magen altså, ler Karin til fotografen som knipsar. Legg til at i dag gjer ho helst berre det som gleder ho sjølv. Står ute under nordlyset og stjernehimlen om ho vil.

– Ein vinter stod eg ute ein heil vinter og knipsa solnedgangen til eit prosjekt. Planla ein frise. Eg vart ganske forbanna då eg framkalla bileta og oppdaga at kameraet ikkje var godt nok, fortel ho. Men sinnet sit ikkje så lenge i. Ho er vorte gamal nok til å ikkje kaste bort tida på det. No nyt ho tida.

– Eg trivst i eige selskap. Heldigvis.

Andre sladrar om naboen – eg sladrar om dyra, ler ho.

Glad for arbeidet

Sjølv om ho har runda 70 år er ho glad for å ha eit arbeid å gå til.

– Eg kjenner at eg framleis har noko å gi, smiler ho. På kjøkkenbordet ligg kryssord og røykpakke. Til pausar mellom arbeidsøkene. Ho bakar brød og lager linselapskaus.

– Sidan eg røyker må eg vere sunn på andre måtar.

Eg heldt opp med å røyke i 11 år. Men vart så tjukk, flirer ho. I dagens Norge trur Karin det er vanskeleg å livnære seg av tekstilarbeid og tekstilkunst. Det er kanskje nokre få bunadtilvirketar som klarar seg.

Sjølv har Karin designa, vove og selt mange teppe. Mange av dei som er gitt vidare som gåver, mellom anna til opning av nye, offentlege bygg. Ho har levert teppe til både Pers Hotell og Oset høytjellshotell. Hennar arbeid heng i formannskapssalar, kommunestyresalar og på skular. Ho designa til OL på Lillehammer og strikka kåper til jubileet på Maihaugen.

– Min største jobb er teppet som heng i kopien av Gol stavkyrkje. Det er over fem meter breitt og 3,6 meter høgt, fortel ho.

Karin syner fram ei flott kåpe i sterke fargar. For fargesterk er ho. Kunstnaren som sørgjer for fargar til fjells.

– Eg er ikkje så god på jordfargar. Men sterke fargar som eigentleg er «stygge» mot kvarandre likar eg godt, seier Karin som er nøye med kantane sine.

– Eg likar ikkje frynser. Dei blir berre grå og stygge. Og så forar eg teppa. Gidd ikkje feste alle trådane bak. Det er ikkje reglar no, slik som før. Då var det katastrofe om ein måtte kaste ti centimeter. Dei dagane er gudskjelov over, seier ho og ler litt. Mumlar noko om tekstilar, rare damer og fordommar.

Ho påpeiker at veving ikkje er nokon hobby for henne. Det er arbeid. Design, skisser og utføring. Og alt imellom.

– Og det er mykje som skjer i veven medan ein arbeider. Det er også fint. Kanskje eg har vove ein kilometer til saman? Eg tenkjer ofte det, seier ho med snert i stemma og kastar spørsmålet ut i rommet.



FARGERIK:

Tekstilkunstnar Karin Stang har både fargar og humor.



ARBEID AV KARIN STANG, TEKSTILKUNSTNAR, NES. PRIVATE BILETE, UTLÅNT.

